

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

INNHALDSLISTA

Kapittel 1

1.0 Halldor O. Opedals fond og tillegg til fyresegnene

1.1 Opedal og målrøkt, grunnlaget for å arbeida for målet

1.2 Opedal og målreising, arbeid for å reisa det norske målet.

1.3 Dryfting av brevet av 20.10 1975

1.4 Dryfting av brevet av 26.12. 1979

1.5 Norsk mål på alle samfundsumkverve. Bokutgjeving ikkje sentralt for fondet

1.6 Norsk Bokreidingslag med tolkingar av kva Opedal meinte

1.7 Dryfting av tolkingar frå Vestmannalaget um Opedals vilje

1.8 Klagarane hev motsett seg Opedals prinsipielle tankar for målreisingi

1.9 Konklusjon

Kapittel 2

Innleiding – synsmåtar på den ålmenne stoda og utviklingi dei siste åri

Kapittel 3

3.0 Skuldingar

3.1) Skulding um selektiv innkalling til styremøte i fondet

3.2) Skulding um Vanvyrding av vedtak i oppnemnarlagi

3.3) Skulding um eigenråding styring av fondet

3.4) Skulding um at fondet vert drive som eit løyndarlag med møtestad i Oslo

3.5) Pålegg um Bergen som administrasjonsstad og skulding um at fondet ikkje lenger hev Bergen som røyneleg administrasjonsstad

3.6) Skulding um at det umstridde fondsstyret kjem med framlegg til nye fyresegner – for å legitimera ny arbeidspraksis og brot på fyresegnene

3.7) Skulding um at styret i fondet verkar til å så splid millom målfolk

SAMANDRAG

KONKLUSJON

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Kapittel 1

Halldor O. Opedals fond og tillegg til fyresegnene

Det hev ved nokre høve frå klagarane vorte synt til Opedal og kva som var Opedals vilje og liknande. Klagarane er òg inne på dette i brevet frå Vestmannalaget. Kva kann me vita um Opedals vilje? Opedal sette upp fyresegner for Opedalsfondet. Desse fyresegnene var og er det formelle og juridiske grunnlaget for å tolka korleis fondet skal fara åt i ulike saker. Men Opedal skreiv òg nokre brev der han kommenterte tilhøve som gjeld fondet og fondsstyret. Nokre av desse brevi vert siterte av klagarane, medan andre vert ståande uumtalte. Dei brevi me kjenner til er:

- 1 Brev frå Opedal ved upptaket til fondet i 1971
- 2 Brev til dåverande fondsformann Ludvig Jerdal av 20.10 1975
- 3 Brev til dåverande fondsformann Ludvig Jerdal av 26.12. 1979
- 4 Brev til styret av 1.11. 1984

Av desse brevi er det serleg dei tvo fyrste som er interessante. Det fyrste av di det legg fram kva rolla Opedal tiltenkte Halldor O. Opedals fond. Opedal syner i fyresegnene eksplisitt til dette brevet og skriv: ”Skulle det verta tvilsmål um tolking av dette, syner eg til mitt brev: ”Mitt syn på norsk målreising –nokre tankar.” Det andre brevet er interessant av di det segjer noko um kva Opedal la vekt på i høve til lagi og den fyrste fondsformannen når fondet skulde skipast formelt i 1975. Forretningsfører, Høgstrerettsadvokat Ivar Gjelsvik, gjorde greida for fyresegnene og den endelege utformingi av fyresegnene på skipingsmøtet. Eit eksemplar av fyresegnene vart sende til styresmennene saman med gjevaren Halldor O. Opedals brev ”Nokre tankar”. Me held oss i denne bolken til å taka upp dei utspeli Opedal gjorde og ser burt frå å dryfta seinare brigde. Fylkesmannen vil finna nærare utgreiding um seinare brigde av fyresegnene m.m. i høyringsutkastet som fondet hev sendt til Fylkesmannen. Me kann ikkje sjå at desse brigdi hev noko å segja for dei emne som her skal takast upp her.

1.1 Opedal og målrøkt, grunnlaget for å arbeida for målet

Det er heilt klårt at Opedal hadde ynskje um å segja frå um korleis fyremålet skulde forståast i praktisk arbeid med å reisa og dyrka det norske målet. Opedal syner innleidingsvis i gåvebrevet til det arbeidet han hev fenge gjort for norsk målreising og måldyrking. Han meinte fyre han gav fondet at det var ille at so fåe gav pengar til målreisingsarbeid. Mange gav pengar til misjonsarbeid, men ingen til målreising, soleis kom tanken um å gjeva pengar til eit fond upp for Opedal. Opedal meiner at fridomen knytt til utformingi av målet etter Ivar Aasen var til gagn for det norske målet. Når det norske målet vart ein mottevlar til dansken byrja motmennene til målreisingi å gjera framstøytar for å få brigda det norske målet. Det kløyvde målfolket, og førde med seg attersteg på fleire umkverve. Opedal ynskte å råda bot på denne kløyvingi.

Meinte Opedal med det at ein skulde lettna på målkravi? Til ein viss grad meinte han nok det, men berre når det tente målreisingi. Opedal ynskte at det skulde vera tevling um å nytta godt mål. Han skriv um at dei gjeng fyre som hev gjort største innkastet for norsk målarbeid. Han vilde soleis få folk som nytta nynorsk til å leggja æra si å nytta so godt mål som råd.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Og det var ingen tvil um kven Opedal vilde gjeva fyrerang. Det var dei som nytta Aasen-mål. Soleis vilde Aasen-folk ha fyrerang i den grad dei fanst innanfor ulike samfundsumkverve. Um ikkje opna Opedal for at andre som hadde synt "evne og vilje til å bruka nynorsk mål i si beste form" kunde premierast. Det var med andre ord langt frå kven som helst som kunde rekna med å få tilskot frå fondet. Med å setja målkrav vilde Opedal som han skriv i brev til Ludvig Jerdal av 26. 12 1979 "dra målfolk med eit anna syn over mot oss." Med oss meiner han dei fire styresmennene som Aasen-lagi hev nemnt upp.

Opedal ser dei nye rettskrivingane/målumbøtene frå 1917 og 1938 som eit vendepunkt for målrørsla. Det som skjedde etter 1917 var at norsken hadde funne si form. Målet trong ikkje til nokor stor umvøling, medan bokmålet trong brigdingar. Det førde til framgang for norsken. Men etter 1938 miste norsken denne fyremunen, og no var det dansken som kom i framsig. Opedal meinte det var rangt av Noregs Mållag å skjota ut det nasjonale frå programfråsegnen si. Han heldt fast på at bokmålet ikkje på nokon sann måte kunde kalla seg eit norsk mål. Han meinte at å kalla bokmålet for norsk var ei folkelygn. Denne folkelygni vilde Opedal arbeida mot på breid front.

Opedal var fast yvertydd um at nynorsken hadde stade sterkare um målfolket hadde halde uppe 1917-rettskrivingi som rettskrivingsnorm. Opedal meinte at målfolket måtte slutta med målblandingi si og arbeida for å halda uppe det det reine og klangfulle målet som nynorsken er frå naturi si hand. Då fær målet større vyrndad og godhug – og større evna til å draga bokmålet i ei norsk leid.

Opedal meinte at ein måtte gjera ei umbot på nynorskrettskrivingi av 1938 og 1959 med det fyremål å retta på dei største veilone. Deretter heldt han på at denne nye rettskrivingi måtte arbeidast inn i folket til ein vane, slik at folket fekk fred for ulike rettskrivingar. Opedal ottast for utglidingar i målføri, det ein i dag kallar bokmålisering av målføri. Han meinte at den tryggaste måten å fyrebyggja dette på var å ha eit sterkt norsk mål som mynster og ankerfeste.

1.2 Opedal og målreising, arbeid for å reisa det norske målet.

Opedal heldt fram at nynorsken må leva. "Han treng ljøs og luft og sol – kjærleg dyrking. Eit mål likar seg når det vert brukt. Målfolki må ikkje stengja seg av med målet sitt. Ungdomen lyt vera med, både i bygd og by. Ein bør gjera målet til ei livsovring på alle samfundsumkverve." Dette er dei siste tankane Opedal legg fram i brevet sitt. Det er soleis grunn til å tru at han legg serleg vekt på desse tankane.

Det er soleis ingen tvil um at Opedal ynskte at alle grupper i samfundet skulde vera med i målreisingsarbeidet. Opedal ynskte ikkje at sume grupper av målfolket skulde verta sitjande som dei einaste som skulde oppmodast til og engasjerast til å dyrka målet på grunnlag av 1917-rettskrivingi eller so nært upp til som råd. Opedal legg òg sterk vekt på at ungdomen må vera med.

1.3 Dryfting av brevet av 20.10 1975

Halldor O. Opedal kommenterar her eit framlegg frå fondsstyreformannen Ludvig Jerdal. Jerdal skal ha kome med innspel til fyresegnene. Jerdal hev tydeleg ikkje synt sans for fyresegnene slik Opedal ynskte. Opedal understrekar for Ludvig Jerdal at Opedalsfondet

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

femner um eit allsidig og stort umkverve. Opedal syner til §5 der han hev lagt fram ynskjemål um kven som skal få tilskot innanfor ein syklus på fire år.

Framlegget til Jerdal vert umtala som einsidug og trongt. Det ser ut til at Jerdal kann ha vore inne på bokutgjeving i framlegget sitt. Kva meinte Opedal um løyvingar til bøker? Bøker er nemnde i §5, men det er ikkje lagt serleg vekt på bokutgjeving. Det er soleis grunn til å merka seg kva Opedal segjer um bokutgjeving:

”Tilskot til bokutgjeving stend ikkje sentralt i dette fondet. Staten kjem her inn med sine egne stønadsordningar, som Norsk Kulturråd og Noregs Ålmennevitskaplege Forskningsråd o.a., og mitt fond bør berre i serhøve gje ytingar til bokutgjeving.”

Opedal var skeptisk til avgrensingar i fondsfyremålet og til å skjera inn nedfallsumrådet til fondet. Fondet skal dekkja alle samfundsumkverve. Fondet må taka sikte på å nå ut til alle område av samfundet. Opedal skriv at det er ”grunntanken i fondet at det skal gje kveik til all god målbruk, munnleg og skriftleg.” Han nemner yrkesgrupper og tiltak som kann gjevast tilskot i fyresegnene og tek upp att kva yrkesgrupper det kann vera tale um i brevet.

Her må ein segja at det var naturleg at Opedal uttalte seg um korleis fondet skulde fungera. Fondet var ikkje kome i funksjon og den som best kjende fyresegnene og fyremålet for fondet måtte vera skiparen. Me kann heller ikkje sjå anna enn at Opedal med brevet understrekar det som gjeng fram av fyresegnene.

Det er elles verd å merka seg at Opedal var kjend med kven som sat i fondsstyret. Tvo av dei som hadde kome inn i fondsstyret var Alv Askeland og Eigil Lehmann, far til Jon Askeland og far til Frøydis Lehmann. Alv Askeland var på dette tidspunktet formann i Norsk Bokreidingslag og Eigil Lehmann formann i Ivar Aasen-sambandet. Det segjer sitt at Opedal sa so klårt frå um korleis han såg på studnad til bokutgjeving når formannen i Bokreidingslaget sat som styresmann i fondet. Me hev elles teke med eit yversyn yver verv og posisjonar i oppnemnarlagi på slutten av kapittel 2.

Det er elles påfallande at kritikk som hev kome mot fedrane til klagarane for at dei isolerte seg frå resten av målrørsla no skal vendast mot fondsstyret. Fondsstyret meiner at det ikkje er grunnlag for å segja at me isolerar oss frå resten av målrørsla, snarare tvert um. Um Norsk Bokreidingslag og Vestmannalaget gjer det, er ei onnor sak som dei som les denne rapporten fær gjera seg upp si eigi meining um.

1.4 Dryfting av brevet av 26.12. 1979

”Det er rett som du skriv at målsynet åt Noregs Mållag og det målsynet som fondet stend for, hev ikkje falle heilt i hop. Dette visste eg vel då eg laga fyresegnene for Fondet, og like vel fastsette eg at Noregs Målag skulle ha ein mann i styret til liks med dei andre mållagi. Dette gjorde eg ut ifrå den syn at Fondet var stort, at det ikkje skulle vera eit fond for ei sekt, men for heile landet, at det skulle samla, byggja bru mellom usamde, freista ved samarbeid å dra, målfolk med eit anna syn over mot oss.

Dette som eg her hev nemnt, skal vera eit prinsipp som styret for Fondet skal retta seg etter, og det bør takast med i fyresegnene som eit tillegg.” Etter det me kjenner til hev det aldri vore gjort noko for å brigda fyresegnene og leggja til dette tillegget, heller ikkje då det vart gjort brigde i fyresegnene tidleg på 1990-talet.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Kløyving millom målfolket reknar Opedal for ei ulukka for målreisingi. Det som må slåast fast er at Opedal alt i brevet um den personlege bakgrunnen for fondet som fylgde med fyresegnene slo fast at han ynskte å motverka skadeleg kløyving i målrørsla. Det som òg gjeng fram av fyresegner og brev er at Opedal ynkste å ha med breide grupper av målfolk og ikkje minst ungdomen. Det hev vore peika på at brevet av 1979 var ei maning til å ikkje skapa strid millom målfolk. Det det gjeld er derimot at fondet ikkje skal isolera seg frå resten av målrørsla.

Det er klårt at eit fyremål um å dyrka nynorsken kann reisa strid. Alle ideelle fyremål kann vekkja strid. Det same gjeld tolkingar av fondsfyremålet og krav um å få utbetala tilskot frå fondet.

For Opedal var tvo umsyn viktuge 1 at målreisingi skulde drivast på alle samfundsumkverve og ikkje på eit snevert grunnlag for nokre få interesserte målfolk 2 at fondet hans skulde skapa forståing for og kveik til å bruka eit mål som heldt uppe arven frå Ivar Aasens mål og målsyn, utan at forsvararane for Aasen-målet med det isolerte seg frå resten av målrørsla.

Opedal understreka dette i dei tvo brevi han sende i 1975 og i 1979. Dette var truleg meint som uttydingar av fyresegnene og tankane attum fondet og fungerte og må tolkast slik i ettertid.

1.5 Norsk mål på alle samfundsumkverve. Bokutgjeving ikkje sentralt for fondet

Det er kjend at Opedal i mange år var ein aktiv målmann i målsamskipnader. Opedal var millom anna ein av di som arbeidde for høgnorsken innanfor Noregs Mållag. Han var aktiv organisasjonsmann og fylgde med i rettskrivingsstriden kring Noregs Mållag. Nett i det året då han gjorde upptak til fondet hadde det vorte brot millom Vestlandske Mållag og Noregs Mållag. Denne kløyvingi var Opedal kjend med, og han konstaterte korleis stoda var. Det fanst ei høgnorskrørsla som var liti og vilde byggja på rettskrivingi av 1917, medan den jamne straumen av målfolk braut med denne tanken og var knytt til hovudluten av målfolket som var organisert i Noregs Mållag.

Opedal ynskte at Aasen-målet skulde fremjast gjennom dei fire samskipnadene: Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, Ivar Aasen-sambandet og Norsk Måldyrkingslag. Men han ottast for at dei som styrde med desse lagi skulde avsondra seg frå resten av målrørsla og gjera fondet til eit fond berre for desse lagi og ikkje for målreisingi ålment, difor gav han Noregs Mållag ein styresmann for å tryggja seg mot at fondet vart til ei sekt, men vart verande eit fond for målreisingi yver heile landet.

1.6 Norsk Bokreidingslag med tolkingar av kva Opedal meinte

Klagarane hev kome med tolkingar av brevet til Opedal frå 1979. Den fyrste som hev kome med ei tolking er Frøydis Lehmann. Ho meiner at Norsk Målsoga

”er eit grunnlagsskrift for det norskdomsarbeidet som både Bokreidingslaget og Opedalsfondet hev som sitt hovudmål å fremja. I tillegg kjem at Norsk Bokreidingslag hev vore Opedals eige forlag frå midten av 70-talet, og at det var maktpåliggjande for

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Opedal at fondet hans ikkje skulde vera med på å skapa strid millom ulike flokkar i målrørsla (jfr. Brev han sende til fondet i 1979)."

Opedal understreka fyremålet med fondet til å vera å reisa å dyrka norsk mål gjennom å syna fram nynorsken og serleg Aasen-målet på alle samfundsumkverve og for alle aldersgrupper, ungdomen ikkje undanteken, og gjennom å byggja bru millom forsvararane av Aasen-målet og den breide krinsen kring Noregs Mållag. Bokutgjeving var sekundært i høve til fondet. Fondet skulde berre gjeva løyvingar til bøker i serhøve. Det var Opedals vilje. Det må difor vera yverordna for fondet å fremja andre tiltak enn Norsk Målsoga. Trass i dette hev fondsstyret kome med eit godt tilbod til Norsk Bokreidingslag. Tilhøvi kring dette tilbodet vert dryfte nedanfor.

Når det gjeld Opedals bokutgjevingar skriv han um dette i brevet av 1.11.1984. Her fortel han at Norsk Folkeminnelag gjorde upptaket til å få gjeve ut bøkene hans fram til 1965. Seinare var det hardingar i Hardanger Folkeminnelag som heldt fram dette arbeidet. Av di Opedal på slutten av livet hadde plunder med å få gjeve ut alle bøkene sine, noko som han truleg ikkje hadde venta då han skipa Opedalsfondet og sende tidlegare brev, bad han um at fondet greip inn for å hjelpa han med utgjevingane. Det var her Norsk Bokreidingslaget serleg kom inn i biletet etter det eg hev skyna. At fondsgjevaren ynskte å få gjeve ut sine egne bøker, må reknast for eit serhøve. Under ingi umstende kann Norsk Bokreidingslag gjennom å ha hjelpt Opedal i dei utgjevingsvanskane han hadde, segjast å ha hevd på å få studnad frå fondet.

Eit tredje punkt for Lehmann er at Opedal skal ha vilja: at fondet hans ikkje skulde vera med på å skapa strid millom ulike flokkar i målrørsla. Opedal var imot kløyvingi i målrørsla millom den breide flokken i Noregs Mållag og høgnorskrørsla representert av dei fire andre lagi i fondet. Norsk Bokreidingslag utgjør ein del av høgnorskrørsla. Opedal såg ikkje fyre seg nokor kløyving millom Norsk Bokreidingslag og andre lag i høgnorskrørsla. Det som då vert yverordna er kva fondet stend for og ikkje at Norsk Bokreidingslag meiner at fondsstyret set seg upp mot noko som skal ha vore maktpåleggjande for Opedal, når dei ikkje fær pengar frå fondet. Det yverordna når ein skal styra Halldor O. Opedals fond er ikkje å ikkje skapa strid, men å fylgja fyremålet til fondet. Dersom det skapar strid å fylgja fyremålet til Opedalsfondet, so må ein taka det med. Det er pr. dags dato ikkje tale um nokor kløyving i høgnorskrørsla, men ein fraksjonsstrid.

1.7 Dryfting av tolkingar frå Vestmannalaget um Opedals vilje

Jon Askeland kjem med den neste tolkingi:

"Styret i fondet verkar til å så splid millom målfolk. I eit brev til fondsstyraren dagsett 26. 12 1979, skriv Halldor O. Opedal m.a. "skortande samarbeid og skortande semje med kløyving til fylgje hev vore ei ulukke for målreisingi. Denne kløyvingspolitikken skal ikkje mitt fond vera med på". Opedal skriv og (sic) at tankane hans "skal vera eit prinsipp som Fondet skal retta seg etter, og det bør takast med i fyresegnene til fondet som eit tillegg". Dei som hev styrt med fondet dei siste par åri, hev ikkje synt vilje til samarbeid, korkje i Opedalsfondet eller i andre umbod i målrørsla. Dermed hev dei sett seg upp mot eit viktig prinsipp for arbeidet i Fondet."

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Som me hev vist er det slik at Opedalsfondet skal fremja arbeid for norsk målreising på alle samfundsumkverve og kveikja målfolk til å nytta Aasen-målet eller målet i si beste form. Folk frå alle område skulde vera med i dette arbeidet og ikkje berre ihuga bokutgjevarar.

Bokutgjevingi stod ikkje sentralt i fondet til Opedal. 115 000 kronor utgjer meir enn halvparten av den summen som fondet i vanlege år kann rekna med å ha til rådvelde. Å tilbyda Norsk Bokreidingslag ein slik sum til Norsk Målsoga er under alle umstende eit raust tilbod utfrå dei fyresegner og tankar Opedal hadde med fondet. At Norsk Bokreidingslag ikkje vil godtaka denne løyvingi som ein kompensasjon for ei tidlegare løyving som hadde falle burt og som i alle høve vilde ha gjenge til Norsk Bokreidingslag og ikkje til Alv Askeland personleg, er ikkje akkurat å syna samarbeidsvilje etter meiningi åt fondsstyret. Å driva ein sovoren prinsippriidarkampanje som styrarane av Norsk Bokreidingslag, eit bokforlag med dårleg økonomi, gjer er ikkje noko teikn på samarbeidsvilje, og økonomisk sett er det ikkje mindre skadeleg for forlaget. Dette er skadeverknader som forlaget påfører seg sjølv og som fondsstyret ikkje kann klandrast for. Me skal gjera nærare greida for desse tilhøvi nedanfor.

Prinsippet til Opedal var at det ikkje skulde drivast ein kløyvingspolitikk millom Noregs Mållag og Aasen-lagi. Fondsstyret meiner at me hev greidt å nå dette målet langt på veg. Me hev skipa til konferanse um internasjonale målreisingar der vitskapsfolk var innleidarar. Me hev etla ut heidersprisar til målreisarar innanfor bok- og bladheim og organisasjonsarbeid. Me hev studt ei viktig tilskipping som Stord Mållag heldt i 2002. Denne tilskippingi samla mange målmenn (60-70 deltakarar) og innleidarane var sentrale personar i norsk målreising og kulturliv. Fondet hev studt reisingi av høgnorskbladet Målmannen. Fondet hev dessutan løyvt pengar til studentprisar og til ei tilskippingi i tilknytning til den høgtidelege yverrekkingi av desse studentprisane no i 2003. Som Opedal skreiv er det viktig å få med ungdomen. Fondsstyret meiner at alle desse upptaki hev vore ein god måte å fremja grunntanken åt fondet på. I arbeidet i fondsstyret hev Opedalsfondet samarbeidt med folk i alle oppnemnarlagi og resultatet hev vore godt. Einast i tilhøve til den rådande leidingi i Vestmannalaget og ei fraksjonsgruppering i Vestlandske Mållag hev fondsstyret vorte lasta for vantande samarbeidsvilje.

1.8 Klagarane hev motsett seg dei prinsipielle tankane Opedal hadde for målreisingi

Askeland gjev seg ikkje med å segja at fondsstyret hev ei vantande samarbeidsevna. Han held fram med å segja at dei som hev styrt med fondet heller ikkje hev synt vilje til samarbeid i andre umbod i målrørsla. Mangt kunde segjast um dette. Men me skal avgrensa oss til nokre hovudpunkt. Den som hev gjort upptak til og sytt for å få lese inn Norsk Målsoga, som Askeland er so uppteken av, på data er formannen i fondsstyret. Formannen hev òg med sine samarbeidsmenn sytt for pengar og framdrift. Me kann ikkje gå med på at dette er vantande samarbeidsvilje.

Skrivaren i fondet var i tvo år formann i Vestmannalaget. I arbeidet med laget la han fram eit framlegg til arbeidsprogram som tok sikte på å fremja målreisingi på aktuelle samfundsumkverve. Mange hev sett på dette arbeidsprogrammet som eit grunnskilje millom dei tvo fraksjonane i laget. I år 2000 var det uråd å få lagt fram arbeidsprogrammet av di ein av styrelemene, nestformannen, motsette seg at det skulde leggjast fram for ei bindande røysting. Året etter la skrivaren fram programmet med mykje godt same ordlyd. Denne gongen røysta den fraksjonen som røysta Jon Askeland til formann ned dette programmet. Me tek med programmet nedanfor:

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Til målpolitisk grunnlag/prinsipp for arbeidet i stjorni og i laget ligg lagslovene til Vestmannalaget, Vestmannasynet og fyresegnene til Fritz Monrad Walles fond m.v. Vestmannalaget skal fremja målreisingi på det grunnlaget Ivar Aasen la og halda uppe det norske målet som samhøver best med dei norrøne grannemåli på Island og Færøyane.

Vestmannalaget hev ei rad kontaktar og samarbeidspartnarar både innerter i Ivar Aasen-Sambandet og millom målfolk i lagslivet i Bergen og Hordaland. Stjorni i laget er merksam på dette og orientert um den tradisjonen som ligg bak lagslivet i Vestmannalaget.

I arbeidet vårt vil me draga vekslar på denne bakgrunnen. Men me ser likefullt at det er fleire nye utbydingar i arbeidet vårt for norsk mål. Det er serleg nokre samfundssektorar som peikar seg ut.

Her hev skrivaren med ei oppramsing av samfundsumkverve og ei stutt grunngjeving under kvart punkt. Dei fem punkti er:

1 Helsestellet og oljesektoren.

2 Internasjonalt hopehav.

3 Satelittfjernsyn

4 Språkteknologi.

5 Den offentlege sektoren.

1.9 Konklusjon

Dette arbeidsprogramframlegget fall tydelegvis ikkje i god jord. Men me kann vanskeleg sjå at det vik mykje av frå det som var Opedals fyremål med fondet. Det er ei oppdatering av tankane hans um å vinna fram med målreisingi på nye samfundsumkverve. Det var ungdomen som vart ståande som forsvararar av dette programmet på årsmøti i Vestmannalaget i 2000, 2001 og 2002. I 2002 kom det framlegg um at laget skulde ha arbeidsprogram. Til dette framlegget måtte det krevjast røystring. Fyre røystringi sa formann Askeland: "Dei som ikkje vil ha endå ei sak på saklista held seg i ro. Dei andre røystar." Den vanlagnaden som saki um arbeidsprogram hev lide i Vestmannalaget skulde segja noko um kva tankar formann Askeland og hans medspelarar gjer seg um det som var grunntanken med Opedalsfondet, å skapa glød og kveik attum å nytta godt norsk mål, Aasen-mål, på alle samfundsumkverve.

I staden for å sjå frametter syner Askeland og medspelarane hans gong på gong til tradisjonen attum Vestmannalaget og til påståtte krenkjingar av ulike formalitetar og einskildpersonar. Det som derimot er kjensgjerningi er at denne Askeland-fraksjonen i Vestlandske Mållag ikkje hev eit uttalt program for kva Vestmannalaget og andre høgnorsklag skal arbeida med. Dimeir er denne fraksjonsgrupperingi imot å vedtaka eit slikt program. Når laget vender seg til Opedalsfondet er det ikkje med iver for målsaki, men med krav um pengar til ei sida av målarbeidet som Opedal ikkje meinte var "sentral for fondet". Det er òg sett fram krav um at fondsstyret ikkje skal taka umsyn til fyresegni åt fondet når det gjeld aldersgrensa.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Fondsstyret meiner at denne framgangsmåten talar for seg sjølv. Me meiner at skuldigane mot oss er grunnlause, og me skal gå nærare inn på detaljar og einskildpunkt nedanfor. Men fyrst lyt det segjast noko meir um den ålmenne stoda i høgnorskrørsla og utviklingi dei siste åri.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Kapittel 2

2.0 Innleiing – synsmåtar på den ålmenne stoda og utviklingi dei siste åri.

Den siste tidi hev fondsstyret fenge avprent av brev og klagor frå miljøet rundt den største fraksjonen i Vestmannalaget, hovudbrevi er stundom sende til Fylkesmannen i Hordaland. Dette miljøet hev sume greiner inn i Norsk Måldyrkingslag. Miljøet sit òg med leidingi i Norsk Bokreidingslag L/L, som òg hev kome med klagor.

Klagone gjeng stort set ut på at formannen eller skrivaren i fondsstyret skulde ha brote logi og fyresegni til Opedalsfondet eller at me burde ha brjota fyresegni på grunn av at det er praksis for å gjera det og ikkje minst gjeng klagone ut på at me ikkje hev vore til gagn for den umtala fraksjonen i Vestmannalaget. Formannen og skrivaren skal òg ha eggja til strid i målrørsla. Skrivaren likar ikkje strid internt i målrørsla. Det er snodigt at tvo av dei mest stridsame i Vestmannamiljøet, no gjeng til åtak på formannen for at han eggja til strid, og skriv til Fylkesmannen som um dei ikkje ser at deira eigi framferd kann vera årsaki til noko av striden. Ein strid som fyrst og fremst gjeng innerter i Vestmannamiljøet og dinest i høgnorskrørsla som heilskap og som i stor grad byggjer på at den eine fraksjonen er imot å programfesta ei aktiv målreisingslina.

Det som kann segjast å vera noko av det mest forvitnelege er at striden byrja med korleides fondsmidelen i Fritz Monrad Valles fond skulde nyttast. Miljøet kring den noverande leidingi i Vestmannalaget ynskte å halda fram med å ha ei sers vid toking av kva målreising og målodling var. Fraksjonen ynskte millom anna å nytta målreisingsfondet til å gjeva studnad til ein bautastein på Utvandarmuseet på Radøy i Nordhordland. Ingen er i tvil um at slike tiltaki er aktverdige og gode, men mange meiner det ikkje er målfondi si oppgåva å gjeva studnad til slike tiltak. Det finst fleire døme på denne avideologiserande utviklingi, og utviklingi er ikkje berre knytt til Vestmanna-miljøet. Det finst døme på at målfond er nytta til å stydja idrottstilskipingar som attpåtil reklamerar og nyttar bokmål. Vestmanna-miljøet, som fram til for nokre år sidan var eit lite og lukka miljø, ynskte etter det mange meinte ikkje aktiv målreising og såg på høgnorsk målreising i eit større perspektiv som tapt. Målsaki vart sett på som eit kjenslebore rituale for nokre fåe innvigde, og det var ikkje kven som helst som kunde taka del i dette ritualet, for Vestmannalaget hadde millom anna lukka medlemskap med sterk vekt på godkjenning av nye medlemer.

Posisjonane fekk ein gjennom venskap og ikkje minst skyldskap. På andre umkverve vilde ord som "kameraderi" ikkje vore framand um tilstandet i miljøet. Dei same folki bytte på umbodi i Vestmannalaget, Vestlandske Mållag, fylkeslaget som femner um Vestmannalaget, landssamskipnaden Ivar Aasen-sambandet og ikkje minst Norsk Bokreidingslag L/L. Det kann nemnast at den same personen var forretningsfører i Opedalsfondet, Norsk Bokreidingslag, Fritz Monrad Valles fond, rekneskapsfører i Stiftinga Regionsoga Nord- og Midthordland og sjølv sagt ein sentral aktør på årsmøti i Vestmannalaget. Nokre av desse umbodi hadde vedkomande havt sidan midten av 1980-talet. Me syner til tabellar på slutten av kapitlet.

For tvo eller tri år sidan byrja det å koma ungdomar til miljøet. Desse ungdomane hadde vilje og pågangsmot til å fremja målreisingi på eit ideologisk plan og på breidt grunnlag, lik dei gamle hovdingane Gustav Indrebø, Nikolaus Gjelsvik og sjølv sagt Ivar Aasen. Dei gamle i

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Vestmannalaget som sjølve hadde vore aktive i målrørsla då målrørsla var i vokster og framgang på mest alle umkverve i samfunnet, d.v.s. 1920 og 1930-talet, kom etterkvart i opposisjon til desse ungdomane. Hovudfolket i Vestmanna-miljøet vart skræmt av viljen og pågangsmotet til ungdomen. Den fraksjonen som no stend bak klagone mot Opedalsfondet, er nok målmenn, men hadde resignera målpolitisk. Målsaki var ervegods, og kjensleborne rituale var grunnlaget deira. Når ungdomen i laget ynskte ordskifte og yvertydingsarbeid kring å få med seg nye målfolk på grunnlag av ideologiske synsmåtar, gjekk det for langt. Det kom ein kraftig reaksjon i form av ei rad upplegg til personstrid. Den unge formannen i Vestmannalaget som ikkje hadde spurt um å verta formann og som vart vald samrøystes til formann i laget i 1999 måtte fjernast og motarbeidast på alle plan. Han og tilhengjarane hans hadde fenge for stor makt til å gjennomføra tankane sine knytt til arbeidsprogrammet for laget. Det vart ikkje tolt.

Ungdomane ynskte ikkje å sjå på at midlar som skulde gå til målreising og strid for høgnorsktankane vart nytta og skulde nyttast på tiltak som, endå um dei var gode og aktverdige, var sers perifere i høve til fyremålet med målreisingi. Når ein ikkje vurderar tiltaki ein ynskjer å stydja målpolitisk eller ideologisk, vert resultatet som oftast at ein i mengdi av andre, men gode, ikkje-måltiltak vel dei tiltaki som ein kjenner eller hev tiltru til på ålment grunnlag. Det hadde dimeir ikkje funnest leidaremane som vilde stå i brodden for arbeidet i laget reint praktisk. Årsmeldingar og rekneskapar var ikkje sende ut til lagsmennene, og få utanum dei mest interesserte som var på årsmøti, visste noko serleg um korleis laget vart styrt. Dette kann kanskje vera grunnen til at mange gode ikkje-måltiltak i og kring Bergen fekk studnad frå millom anna Vestmannalaget og Fritz Monrad Valles fond. Det vart difor fort strid millom den avideologiserte fraksjonen og dei nye ideologiske ungdomane.

At mange av ungdomane var urøynde, skal sjølv sagt ikkje stikkast under ein stol, men serleg yverberande kann heller ikkje den avideologiserte fraksjonen segjast å vera. Det må slåast fast at det nye ungdomlege styret som sat frå 2000-2001 tilliks med styret som sat frå 1999-2000 gjorde ei rad moderniseringar av drifti. Millom anna med utsending av sakpapir til årsmøti, systematisk verving, framlegg til ei ny og uppattnya lagslov og liknande. Det var òg desse styri som gjorde upptak til å få nytt songhefte for laget. Dette er tiltak som hev vorte oppfylgde og vidareførde av det nye regimet, med undantak for lovarbeidet som vart vraka, utan nokor yvertydande grunngeving.

Dei unge hadde òg eit større fokus på å sjå til kjeldone og til regelverket. Dei unge kritisera at t.d. Norsk Bokreidingslag L/L, under leiding av Jon Askeland og Frøydis Lehmann, ikkje kalla inn til årsmøte (generalforsamling) i samsvar med lovverket, jf. § aksjelogi. Dei unge var aktivt med på å fremja framlegg som skulde klårleggja innkallingsprosedyrar og møteskiping slik at ein tryggja demokratisk samyrke. Framleggi vart avviste. Endå til i Norsk Bokreidingslag L/L var det altso vanskeleg å få fokus på spelereglane. Dette trass i at laget er eit lutlag som er regulera av aksjelogi og aksjelogi, som hev høgre rettsleg rang, yverstyrer interne fyresegner. Som ein kann sjå i klaga frå Norsk Bokreidingslag, vart kritikk mot at innkallingsfyresegnene i aksjelogi ikkje var fylgde, rekna som mistillit mot styret.

Vestmannalaget hev tilhaldsstad i Bergen. Diverre hev mange i fraksjonen som no klagar på Opedalsfondet, gløymt at Vestmannalaget ikkje ber namnet sitt av di laget hev tilhaldsstad på Vestlandet, men av di laget var for dei som ynskte samband vestyver altso mot Færøyane og Island og det norrøne opphavet. Umgrepet "vestmann" tyder soleides ikkje vestlending.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Striden hev vore kvassast i Vestmannalaget, mykje på grunn av ynskje frå fraksjonen um å ha kontroll yver Fritz Monrad Valles fond. Striden toppa seg fyrebils på årsmøtet i 2002, som enda med at ein fekk eit "reint styre" som Jon Askeland uttrykte det. Det var ikkje rom for mindretalet i styret i Vestmannalaget. Ein styremedlem hadde målbore synet til mindretalet frå 2001-2002. Det var for mykje. I ettertid hev same fraksjonen i Vestmannalaget nytta posisjonane til å kalla inn til sitt eige "årsmøte" i Vestlandske Mållag. Eit av hovudmomenti var å få kontroll yver eit anna fond: Opedalsfondet. Noko av det fyrste dei som gav seg ut for å vera nytt styre i Vestlandske Mållag gjorde utetter, var å senda brev til formannen i Opedalsfondet med opplysning um kven dei meinte no skulde målbera Vestlandske Mållag i fondsstyret. Dette trass i at styresmennene vert valde for fire år av gongen, og styrebolken gjeng til 2004.

Opedalsfondet er eit av dei største fondi i heile målrørsla, og då den avideologiserte fraksjonen i Vestmannalaget miste kontrollen i fondsstyret, miste fraksjonen høvet til å henta midlar derifrå. Mange av dei boktiltaki som fraksjonen styrde eller hadde kontroll med, hadde upp gjennom åri vorte avhengige av jamlege tilskot frå millom anna Opedalsfondet, og dei seinste åri hev situasjonen tydelegvis vorte serleg kritisk. Forlaget hadde frå 2000 til 2001 ein salsnedgang på kring 40 prosent. Serleg gjeld det Norsk Bokreidingslag L/L, der styret i årsmeldingi skriv under kapittelet Framleis drift: *"Det er òg ein føresetnad at løyvingar på til saman 105.000 kronor til Norsk Målsoga frå Halldor O. Opedals fond vert yverførde med det fyrste til Bokreidingslaget."*

Det skal leggjast til at då den noverande formannen i Opedalsfondet tok ein samtale med leidingane i fire av dei fem lagi som nemner upp fondsstyret, var det ei samrøystes haldning at ein laut få slutt på "kameraderiet" og at sume mest "åtte" fondet. Som leidingi i Noregs Mållag uttrykte det; "Dei har sete so lenge at dei ikkje gjer det naudsynte skiljet mellom deira eige og fondet si eiga, og dette må ein få slutt på.". Det er her viktug å få med seg at det i denne utsegnen ikkje var tale um at dei tidlegare styresmennene ikkje skilde millom deira private eiga og eiga åt Opedalsfondet. Det var meir ein talemåte for at Noregs Mållag ynskte klårare skilje millom dei ulike miljøi i Bergen og Opedalsfondet. Det var på det tidspunktet våren 2000 ei klår og mest samrøystes oppfatning millom oppnemnarlagi at det nye fondsstyret laut få orden på stoda. Det var dimed ikkje formannen og skrivaren som krangla og var uttrykk for eit lukka miljø. Det var mest ei samla målrørsla, frå samnorskarar til konsekvente høgnorskmenn, som ynskte meir innsyn i og eit klårare skilje millom Opedalsfondet og dei ulike Bergensmiljøi. At sume som tidlegare hadde full kontroll i Opedalsfondet, i dag er beiske og arge er ikkje til å undrast på.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Faste styresmenn i Halldor O. Opedals fond, undanteke Noregs Mållag				
Tidsrom	Vestmannalaget	Vestlandske Mållag	Ivar Aasen-sambandet	Norsk Måldyrkingslag
1975-1979	Ludvig Jerdal	Sigurd Sandvik	Eigil Lehmann	Alv Askeland
1979-1983	Ludvig Jerdal	Sigurd Sandvik	Erling Berstad	Alv Askeland
1983-1987	Ludvig Jerdal	Sigurd Sandvik	Nils Haukås	Alv Askeland
1987-1991	Conrad Clausen	Helga Mehl	Frøydis Lehmann	Jon Askeland
1991-1995	Leidulv Hundvin	Helga Mehl	Frøydis Lehmann	Hans Sørbø
1995-1999	Leidulv Hundvin	Haldor Slettebø	Frøydis Lehmann	Hans Sørbø
1999-2003	Bjørn Tormod Ringdal	Lars Bjarne Marøy	Dag Hagen Berg	?

Norsk Bokreidingslag	Vestmannalaget	Vestlandske Mållag	Ivar Aasen-sambandet
1972-1982 Alv Askeland	1957-1991 Ludvig Jerdal	1978-1990 Ludvig Jerdal	1972-1984 Eigil Lehmann
1982-1984 Haldor Slettebø	1991-1999 Leidulv Hundvin	1990-1994 Svein E. Kvamsdal	1984-1994 Jon Askeland
1984-2002 Jon Askeland	1999-2001 Lars Bjarne Marøy	1994- Lars Bjarne Marøy	1994-1995 Roar Madsen
2002 Frøydis Lehmann	2001- Jon Askeland		1995-1996 Hans Olav Brendberg
			1996-1999 Bjørn Tormod Ringdal
			1999-2001 Dag Hagen Berg

Lista yver nokre av rekneskapsvervi til Leiv Flesland

Forretningførar Halldor O. Opedals fond	Fritz Monrad Walles fond	Rekneskapsstyrar i Norsk Bokreidingslag	Rekneskapsstyrar i Nord- og Midhordland sogelag	Rekneskapsstyrar for stiftinga regionsoga Nord- og Midhordland
Leiv Flesland Ca. 1987-2000	Leiv Flesland ca.	Leiv Flesland 1995-	Leiv Flesland Ca. 1980-	Leiv Flesland Ca. 1994-

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

	1993-2000 2002-			
--	--------------------	--	--	--

3.0 Svar på dei konkrete hovudinnvendingane slik dei vert presenterte i brevet frå Jon Askeland

3.1) Skulding um selektiv innkalling til styremøte i fondet

Jon Askeland skriv:

”Etter at Dag Hagen Berg vart vald til formann for fondet, hev dei valde styresmennene for den gjeldande fireårs-bolken frå Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag ikkje vorte innkalla til eit einaste møte i fondsstyret og heller ikkje varamennene deira.”

Dette påstandet frå Jon Askeland stemmer ikkje. Ut frå det som vert skrive seinare i denne klaga og ut frå andre brev, veit me at Jon Askeland kjenner stoda betre enn utsegn isolera sett kann tyda på. Det hev i denne styrebolken vore fylgjande styremøte, og fylgjande er kalla inn og møtte:

- **8. april 2000:**

Møtet var skipingsmøte, og var kalla inn av tidlegare formann og forretningsfører i samsvar med vanleg sedvane. Desse møtte:

Hans Sørbø, Norsk Måldyrkingslag,
Leidulv Hundvin, Vestmannalaget
Mona Stormark, Noregs Mållag
Lars Bjarne Marøy, Vestlandske Mållag
Dag Hagen Berg, Ivar Aasen-sambandet

Det er uvisst um vedkomande som møtte på dette styremøtet frå Norsk Måldyrkingslag, faktisk var oppnemnd av styret i Norsk Måldyrkingslag. Innkallingi var send ut av forretningsføraren rett fyre møtet vart halde, og møtetidspunktet var og endra i høve til tidlegare melding.

- **6. mai 2000:**

Møtet var kalla inn av formannen. Desse var kalla inn skriftleg med tilrådingar til dei sakene som skulde upp på møtet:

Hans Sørbø, Norsk Måldyrkingslag
Leidulv Hundvin, Vestmannalaget
Mona Stormark, Noregs Mållag
Lars Bjarne Marøy, Vestlandske Mållag
Dag Hagen Berg, Ivar Aasen-sambandet

Det er uvisst um vedkomande som møtte på dette styremøtet frå Norsk Måldyrkingslag, faktisk var oppnemnd av styret i Norsk Måldyrkingslag.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

- **4. august 2001:**

Møtet var kalla inn skriftleg av skrivaren, og for Norsk Måldyrkingslag sitt vedkomande formannen. Norsk Måldyrkingslag, ved Fridtjov Sørbo, bror av Hans Sørbo, hadde i brev dagsett 14. oktober 2000 vorte beden av formannen um å stadfesta oppnemningi av "sin" styresmann. Spurnaden vart teke uppatt den 10. januar 2001 til Arne Gjeraker. Svaret kom fyrst 6. mars 2002. Arne Gjeraker hadde i fleire samtalar lova attendemeldingar våren og sumaren 2001, utan attendemelding. Desse var kalla inn:

Bjørn Tormod Ringdal, Vestmannalaget

Mona Stormark, Noregs Mållag

Lars Bjarne Marøy, Vestlandske Mållag

Dag Hagen Berg, Ivar Aasen-sambandet

Fondsstyret hadde ikkje motteke nokor stadfesting på val av styresmann frå Norsk Måldyrkingslag, korkje til det tidspunktet innkallingi vart send eller møtet halde. Møtet vart difor utsett fleire gonger i påvente av melding frå Norsk Måldyrkingslag. Magnus Robberstad vart telefonisk kalla inn av formannen, men han kunde ikkje møta.

- **27. juni 2002:**

Møtet var kalla inn skriftleg av skrivaren. For Norsk Måldyrkingslag sitt vedkomande vart møtet kalla inn av formannen telefonisk til både Arne Skjerven og Magnus Robberstad, i samsvar med attendemeldingi frå Norsk Måldyrkingslag. Desse fekk skriftleg innkalling og møtte:

Bjørn Tormod Ringdal, Vestmannalaget

Mona Stormark, Noregs Mållag

Lars Bjarne Marøy, Vestlandske Mållag

Dag Hagen Berg, Ivar Aasen-sambandet

Korkje Arne Skjerven eller varamann Magnus Robberstad kunde møta.

3.2) Skulding um Vanvyrding av vedtak i oppnemnarlagi

Jon Askeland skriv:

"Vestmannalaget oppnemnde Leidulv Hundvin som målsmann for heile den noverande perioden. Etter det konstituerande møtet i fondet i 2000 hev ikkje Hundvin fått ei einaste innkalling til møte."

Det er ikkje rett at Hundvin ikkje er kalla inn etter det konstituerande møtet, han var kalla inn til og møtte på styremøtet den 6. mai 2000. Det er rett i den forstand at Vestmannalaget gjorde ei oppnemning av Leidulv Hundvin, og det er òg rett at ei oppnemning gjeld heile bolken når ho fyrst er rettkomi. Diverre for Jon Askeland som seinare i brevet flittig kjem med tilvising til Opedal, finst det klare reglar um kven som kann oppnemnast. Reglane um dette er det gjort greida for tidlegare, men dei lyt visst nemnast på nytt. Fondsstyret syner til kva som vart skrive til vallagi i høyringsutkastet til umskiping av fyresegni til Opedalsfondet:

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Det er utan tvil dei fem vallagi, Noregs Mållag, Norsk Måldyrkingslag, Ivar Aasen-sambandet, Vestmannalaget og Vestlandske Mållag, som vel styresmennene, jf § 3 fyrste lekken i fyresegni som Halldor O. Opedal sette upp 29. desember 1971:

”Vestlandske Mållag, Vestmannalaget, Ivar Aasen-sambandet, Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag vel kvar sin mann med varamann.”

Det neste som lyt klårleggjast, er dei materielle råmone for det einskilde vaetl. Det finst både i stiftingslogi og fyresegni som set klare råmor for vali til vallagi:

1. *Det fylgjer av stiftingslogi § 7 fyrste lekken:*

”En umyndig kan ikke være styremedlem eller forretningsfører.”

2. *Det fylgjer av fyresegni, jfr. § 3 andre lekken:*

”Aldersgrensa oppover er 75 år”

3. *Det fylgjer òg av fyresegni åt fondet at styresmennene vert valde for fire år av gongen, jfr. § 3 andre lekken:*

”Styresmenn med varamenn vert valde for fire år.”

4. *Moglege interne fyresegner i det einskilde vallaget.*

Ut ifrå ordvalet og skrivemåten, der Opedal skilde millom ”bør ikkje stå lengre” og ”Aldersgrensa er”, er det klart at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.

Styresmennene bør ikkje stå lengre enn; sidan Opedal nyttar umgrepet ”bør” er, fyresegni deklarasjonsisk, altso kann vallagi vika av frå denna fyresegni.

Aldersgrensa er oppyver 75 år; sidan det er nytta umgrepet ”er”, er denna fyresegni preseptorisk. Vallagi kann difor ikkje rettvist vika av frå denna fyresegni.

I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdera ordvalet som er nytta i fyresegnene, men òg umstendi rundt nedskrivingi av fyresegnene. Fyresegnene som Opedal sette upp, var dryfte med advokat fyrr dei vart sette upp. Det tyder på at fyresegnene var godt gjennomdryfte, og at ordvalet bygde på ei nøgi vurdering. Opedal hev heilt tydeleg skilt millom ”bør” og ”er”, og at han var medviten um den rettslege verknaden av skiljet.

Ei aldersgrensa oppyver til 75 år tykkjest heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styret skynar, ingi moment som i dag skulde tyda på at desse hev mist rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå dei.

Vallagi vart alt på 1970-talet bedne av skiparen av fondet, Halldor O. Opedal, å stadfesta at dei godtok fyresegni. Alle vallagi svara attende at dei godtok fyresegni som var sett upp. Vestmannalaget hev dimed gjort ei positiv attendemelding um at laget godtok dei påbod som

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

skiparen sette i gåvebrevet sitt frå 29. desember 1971. Det er dimed klare råmor for kven vallagi kann velja til styresmann i fondet og dei fem vallagi hev godteke påbodet.

Jon Askeland skriv:

”Her må det leggjast til at Vestmannalaget ikkje på noko tidspunkt i år 2002 hev fenge melding um at fondsstyret suverent yverprøver det som attpåtil er årsmøtevedtak i oppnemnarlagi.”

Serskild for seg er det rett at Vestmannalaget i **2002** ikkje fekk melding. Meldingi vart gjevi til Vestmannalaget alt sumaren 2000. Formannen møtte då 10. juli på styremøte i Vestmannalaget og la fram saki. Formannen la fram kva synspunkt fondsstyret hadde og fortalde at den tolkingi stod fast, og ingen vilde verta kalla inn til fondsstyremøte, um ikkje oppnemningi var i samsvar med fyresegni. Få dagar fyrr formannen la fram saki på dette styremøtet, hadde han havt samtalar med Fylkesmannen. Der tok formannen upp spursmålet um korleides fyresegni um aldersgrensa skulde tolkast. Fylkesmannen svara at det var fondsstyret som gjorde tolking av fyresegni. Etter at formannen hadde presentert at han ikkje vilde godtaka nokor oppnemning av personar yver 75 år, svara Fylkesmannen at han ikkje fann grunn til å kommentera det. Fylkesmannen la til at um han fekk innspel eller informasjon um at fondsstyret gjekk utanfor stiftingslogi eller fyresegni, vilde han taka det upp med fondsstyret. Fylkesmannen hev soleides alt vorte varsla um standpunktet um at fondsstyret ikkje godtek oppnemningar av personar yver 75 år og dei fylgjone det fær, og det er til no ikkje kome melding um at Fylkesmannen hev klandra fondsstyret for standpunktet som det tok sumaren 2000.

Skrivaren vil her syna til kva som vart meldt til Norsk Måldyrkingslag, som me òg vil leggja til grunn i høve til Vestmannalaget si oppnemning av Leidulv Hundvin:

Hans Sørbø vil, utan omsyn til kva som er vedteke av Norsk Måldyrkingslag ikkje verta rekna for lovleg styresmann av fondsstyret fyrr det ligg fyre ei autoritativ avgjerd: rettskraftig dom eller ei fråsegn frå Fylkesmannen um at Hans Sørbø er å rekna som styresmann.

Dei som ikkje rettar seg etter avgjerdi til fondsstyret, lyt sjølv taka rådgjerd eller reisa sak med påstand um at Hans Sørbø skal reknast for styresmann, um dei ikkje ynskjer å fylgja viljen til Halldor O. Opedal som er framsett klårt og tydeleg i gåvebrevet hans frå 29. desember 1971.

Det vert lagt upp til møte i fondsstyret i februar/mars 2003, og dei som ynskjer at Hans Sørbø skal møta på det styremøtet, lyt til dess ha reist sak med påstand um at Hans Sørbø skal reknast som styresmann, og dermed kallast inn til styremøtet.

Um so ikkje skjer, reknar me saki som avslutta frå fondsstyret si sida.

Jon Askeland skriv:

”Ein slik målsmann (Bjørn Tormod Ringdal, min merknad) er ikkje laget tent med.”

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Her er eit viktugt moment i forståingi av rolla til styresmennene. Mange hev diverre mistydt stiftingsskipnaden ålment og fyresegnene som gjeld for Halldor O. Opedals fond. Det hev diverre vore ei utbreidd mistyding at styresmennene som vert valde til fondsstyret i Opedalsfondet, er målsmenner for vallagi eller representerar vallagi.

Dei fem vallagi nemner upp ein styresmann kvar, men styresmannen er ikkje målsmenner for sine respektive lag. Styresmennene skal styra fondet til beste for fyremålet åt fondet, ikkje som representantar for vallaget sitt. Styresmennene kann ikkje møta med bunde mandat eller liknande. Mandatet til styresmennene er lovverket og fyresegni åt fondet.

Det er difor skilnad på å vera ”målsmann” i Opedalsfondet og vera målsmann på årsmøtet (generalforsamlingi) i aksjeselskapet Norsk Bokreidingslag. I den siste samanhengen er ein til stadar for å ivaretaka dei legitime (eigar)interessone sine.

Leidingi i den avideologiserte delen av Vestmannalaget hev nok sèt på dei styresmennene denne fraksjonen tidlegare hev kunde nemna upp som sine målsmenner. Fraksjonen kunde kann handa senda direktiv, og på den visi tryggja at dei ulike lagi fekk studnad til ymse tiltak. Når ein legg slike eigenskapar til rolla åt den personen som Vestmannalaget nemner upp til styresmann i Opedalsfondet, er Vestmannalaget sjølv sagt ikkje tent med Bjørn Tormod Ringdal, som ikkje let seg styra anten av styret i Vestmannalaget eller Norsk Bokreidingslag L/L.

Formannen skal vera varsam med å uttala seg um rolla til dei einskilde styresmennene, i eit brev til Fylkesmannen. Det lyt likevel nemnast at Leivdolv Hundvin som Jon Askeland ynskjer, sat i fondsstyret i tvo-styresbolkar (8 år). Etter kva som er fortalt formannen, hev han ikkje lagt fram årsmelding eller rekneskap frå Opedalsfondet for styret i Vestmannalaget, heller ikkje sytt for at fondsstyret la fram slike dokument, då vert kritikken av Ringdal sers underleg. Det skal òg nemnast at skrivaren i motsetnad til då Hundvin sat i fondsstyret, sender ut årsmelding og rekneskap til alle oppnemnarlagi. Me vil dessutan peika på at rekneskapane og årsmeldingi i dei tvo siste styresbolkanane femna um fire sidor og sa lite og ingenting um arbeidet i fondet. Dei rekneskapane og årsmeldingar som er sende ut i denne styrebolken, innheld ei grundig analyse av korleides styret ser på hendingane og stoda, og rekneskapen er førd i samsvar med logi. Dette ogso i motsetnad til tidlegare.

Jon Askeland skriv:

”Vedtaket um å halda fast på Hundvin som målsmann i fondet vart i fjor klaga inn for Fylkesmannen av mindretalet (ein mann) i styret i Vestmannalaget.”

Eg skal ikkje koma inn på utsegn i seg sjølv, berre nemna ein episode som godt syner samarbeidsviljen og framferdi til Jon Askeland. Formannen var til stadar på årsmøtet i Vestmannalaget våren 2002. I årsmeldingi som Jon Askeland hadde presentert stod det millom anna at formannen skulde vera ein av dei som hadde fremja denne klaga til Fylkesmannen. Formannen tok ordet og nemnde at han ikkje viste um at det var send ei klaga og heller ikkje hadde sèt korkje klaga eller svaret på klaga. Formannen bad vidare um at namnet hans vart stroke frå årsmeldingi. Dette nekta Jon Askeland, som ordstyrar, og han nekta og å lata årsmøtet taka stilling til saki. Etter det skrivaren fekk høyra var svaret på klaga at Fylkesmannen ikkje tok stoda til saki, og synte saki til domstolen.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Um det var rett som Jon Askeland skriv;

”Mindretalet fekk ikkje medhald i klaga, ...”

vilde vel fondsstyret ha fenge eit eige pålegg frå Fylkesmannen. Dinest vil formannen segja at han sjølv sagt vilde ha fylgt pålegg frå Fylkesmannen i Hordaland. Skrivaren legg difor til grunn at heller ikkje det som vert framført her, er rett. Dette er diverre eit av fleire døme på at fakta i saki vert framstelte sers tilrengde frå Jon Askelands sida. Me vil ikkje gå nærare inn på dette temaet.

3.3) Skulding um eigenråding styring av fondet

Jon Askeland skriv:

”Etter påtrykk frå formannen i Fondsstyret, Dag Hagen Berg, som møtte personleg fram til styremøtet i Vestmannalaget – vart Bjørn Tormod Ringdal sett inn i plassen for Hundvin i 2001.”

Formannen møtte på styremøtet etter oppmoding frå styret i Vestmannalaget på møtet sumaren 2000, 10. juli for å vera meir noggrann. Formannen orienterte um stoda i Halldor O. Opedals fond. Han la fram innhaldet i brevet sitt og sagde at ingen som vert oppnemnd etter at dei er yver 75 år vert kalla inn som styresmenn til fondsstyret i Opedalsfondet. Det er i alle høve godt at formannen no berre slepp med påstandet um at han skulde ha sendt direktiv. Etter andre utsegner frå Jon Askeland skulde ein tru at han meinte at formannen mest skulde ha truga styret i Vestmannalaget.

Formannen gjorde på dette møtet òg kjent at fondsstyret ikkje vilde godtaka at ein endra på valet av varamannen til Hundvin, då det valet etter hans meining var rettkome. Formannen fortalde at vedkomande sjølv sagt kunde veljast til fast styresmann, med den konsekvens at Vestmannalaget kunde velja ny varamann.

Det vert hevda at formannen i fondet møtte fram på det styremøtet der Bjørn Tormod Ringdal vart vald til ny styresmann frå Vestmannalaget. Det stemmer ikkje. Ringdal vart vald på styremøtet i Vestmannalaget 1.mars. Formannen i Opedalsfondet var ikkje til stades på styremøtet i Vestmannalaget 1. mars 2001.

Det fungerande arbeidsutvalet i fondsstyret hadde alt sumaren 2000 sagt seg samd i at formannen i fondet kunde rådføra seg med advokat um korleis fyresegnene burde handhevast, og kva som var rett handlemåte juridisk sett i ulike spursmål. Fondsstyret tykte det fall naturleg at ein retta seg etter dei råd ein fekk frå juridisk sakkunnige. Fondsstyret slutta seg i august 2001 formelt til handlemåten åt formannen i fondet når han sende brev der han oppmoda Vestmannalaget og Norsk Måldyrkingslag til å nemna upp styresmenn som stetta fyresegnene til fondet. Det er soleis rangt å hevda at Ringdal sat som styresmann i fondet etter direktiv frå formannen i fondet.

Når det gjeld å hevda at det finst ein praksis for å ikkje fylgja fyresegni og soleis lata ulovlege styresmenn få sitja i fondsstyret, vil skrivaren i fondet få visa m.a. til protokolltilførsla frå mindretalet i stjorni Vestmannalaget for nærare utgreiding. Me vil berre her oppsummera at

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

det ikkje finst grunnlag for ein slik praksis. At Leidulv Hundvin etter formann Askelands segjande skal ha tent Vestmannalaget på beste vis som formann, kann me ikkje sjå på som noko argument for å bryta fyresegni til fondet. Heller ikkje at Ringdal etter Askelands segjande "ikkje kommuniserar med styret i Vestmannalaget". Det kann heller ikkje vera noko argument at Vestmannalaget opplever dette som ein provokasjon.

Ein må heller spyrja seg um ikkje paragraf 6 i fondsfyresegnene burde gjera seg gjeldande: "Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målmenn i styret for med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane åt dette laget over til dei andre lagi." Ynskjer ikkje Vestmannalaget å etterleva dei fyresegnene som gjeld for fondet, kann det tykkjast som at det er tvilsamt um laget hev noko i Opedalsfondet å gjera.

Jon Askeland skriv:

"Bjørn Tormod Ringdal var soleis formelt målsmann for Vestmannalaget i eitt år – etter direktiv frå Hagen Beg – men møtte berre ein gong, på årsmøtet 4. august i fjor (2001, min merknad). Til det andre møtet han var innkalla møtte han ikkje, og – talande nok – vart ikkje denne gong varamannen innkalla."

Bjørn Tormod Ringdal hev møtt på alle styremøti etter at han vart oppnemnd. Det hev soleides ikkje vore trong for å kalla inn varamannen. Eg kann ikkje skyna kva Jon Askeland hev dette i frå. Vestmannalaget hev fenge alle årsmeldingane frå denne styrebolken, og der gjeng det fram når det hev vore halde styremøte og kven som hev møtt. Når personar vert møtte på ein slik måte, er det ikkje til å undrast på at det ikkje vert kommunikasjon.

Det er vel ingen tvil um at skiparen kjende til at Conrad Clausen sat i styret etter at Clausen var yver 75 år. Um fondet hev vike av frå fyresegni når det gjeld Clausen, kann det ha samanheng med at han hadde gode diplomatiske evnor, noko som ikkje var so heilt uviktig, når ein hadde med sterke personlegdomar som Ludvig Jerdal og Per Håland å gjera. Det er ikkje unaturleg at Opedal ynskte ein trygg og stødug målsmann i fondsstyret som samstundes var ein mann som kunde vera med på å fremja fyremålet åt fondet (motverka kløyving og fremja samarbeid i målrørsla) gjennom sine sereigne personleg eigenskapar og autoritet. Det tykkjer heller vera underleg å legitimera brot på fyresegni med at ho hev vore broti i den tid Opedal var aldrande, og dei som var oppnemnde hadde ein serleg funksjon når det galdt å vera med på å fremja fyremålet til fondet. Det er elles verd å merka seg at det tidleg på 1990-talet braut ut ein heftig avispolemik kring fondet millom Ludvig Jerdal og Per Håland, noko som ikkje bar til fyre Conrad Clausen døydde i 1990. I dag finst det dimeir ei rad unge høgnorsktilhengjarane i motsetnad til den gongen.

Det å setja Hundvin og Sørbø i same bås som Clausen vert, meiner skrivaren, ikkje rett. Det er rett og slett for mange serdrag ved dei broti til at det skulde kunna skipa nokon rettsleg sedvane. Skrivaren hev tidlegare kome inn på kommunikasjonen millom Hundvin og dei andre styresmennene i Vestmannalaget, i dei tvo fireårsbolkanane Hundvin sat som styrelem i fondsstyret, og kommenterar ikkje det umstendet meir.

3.4) Skulding um at fondet vert drive som eit løyndarlag med møttestad i Oslo

Fondet hev tilskrift i Bergen, og næstformannen, Mona Stormark, bur i Laksevåg rett utanfor Bergen. Det er difor ho som hentar posten. Skrivaren i fondet er hovudandsvarleg for

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

brevbyttet. Dette er grunnen til at skrivaren og næstformannen møttest i Bergen for å ganga igjennom posten.

Næstformannen og skrivaren er dei som til vanleg kann reknast for å ha forretningsførarrolla, ikkje formannen. Næstformannen og skrivaren råder i lag yver pengemidelen til fondet. Av den grunnen lyt dei tvo møta personleg upp i banken vår, og ordna med uttak og yverføringar m.m. Det var ikkje råd å få brevgiro eller skipnad med elektroniske utreiding av pengar og yverføringar. Det er ikkje meir konspirative grunnar for at næstformannen og skrivaren møttest i Bergen. Formannen og skrivaren møttest tidt i Oslo, som ofast når skrivaren er på veg til eller frå Bergen. Då gjeng me i gjenom post, brev ut og brev inn, og avtalar elles kva som skal gjerast i det praktiske arbeidet. Det meste av tidi gjeng faktisk med til språkleg korrektur på brev (slike som til dømes dette), meir konspiratorisk er heller ikkje møti millom formann og skrivar.

Jon Askeland skriv:

”Med ei slik styring av fondet vert sjølvstøtt fleire målsmenn meir eller mindre uvitande um arbeidet (i fondet, min merknad).”

Det er ille å sjå kor synbert dei konspirative tankane kjem fram her. Det er vel likesælt for dei fleste styresmennene og oppnemnarlagi kven og korleides brevi som kjem til oss, vert opna, og um kor ofte næstformannen og skrivaren lyt i banken for å gjera upp rekningar og liknande.

Skrivaren vil berre leggja til at då fondet hadde ein fast lønt forretningsfører var det ingen av styrelemene som korkje visste um eller hadde innsyn i postrutinane som fondet hadde. Når det no er tri av styrelemene som tek seg av dei praktiske oppgåvene, som fyrr kosta mange pengar, utan noko stort vederlag, er dette, meiner skrivaren, eit framsteg økonomisk og praktisk.

Det er rett og slett umogeleg og ikkje ynskjeleg å skipa seg so at alle styresmennene lyt vera til stadar kvar gong postboksen skal opnast, og posten skal hentast og lesast. Meir ynskjer ikkje skrivaren å kommentera dette tilhøvet som mest av alt ber preg av trivielle formalitetar.

3.5) Pålegg um Bergen som administrasjonsstad og skulding um at fondet ikkje lenger hev Bergen som røyneleg administrasjonsstad

Jon Askeland skriv:

”Av vedtektene for fondet gjeng det fram at Opedal rekna det som sjølvstøtt at fondet skulde styrast frå Bergen ...”

Det må leggjast til at det i fyresegni ikkje finst nokor fyresegn um at anten Bergen eller annan stad på Vestlandet skal vera administrasjonsstad. Det stend i fyresegni at, jf § 6:

*”Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kann fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. **Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før**, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som **praktiske grunnar** gjer naudsynlege.”* (mi utheving)

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Halldor O. Opedal skipa òg eit anna fond, som er meir stadbunde enn målreisingsfondet han skipa. Fondet heiter *Halldor O. Opedal sitt fond for ålmennyttige føremål*. Dette fondet er styrd av Ullensvang herad som nemner upp eit styre på tri for fondet.

Halldor O. Opedal hev i eit tillegg til fyresegni skrive fylgjande, som truleg hev leidt Jon Askeland på dei avvegane han syner i det sitatet som er nemnt tidlegare. Tillegget som Opedal skreiv, lyder som fylgjande:

”Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. (Dette so lenge desse lagi har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.)”

Når ein les fyresegni og gjer ein språkleg og juridisk analyse av teksti, vil ein måtta konkludera med at hovudsaki er at styringsutlogone lyt haldast nede på eit rimelegt nivå.

Det er òg ikkje heilt ukurant å leggja vekt på heile tillegget frå Opedal med sjølve fyresegni. Me vil difor syna til kva fondsstyret uttalar um statusen til tillegget i høringsutkastet til brigde i fyresegni:

Stoda i høve til § 6

Det finst fleire utgåvor av § 6. Sume tek med den originale teksti som vart sett upp i gåvebrevet. Nokre tek med tekst/fyresegner som Halldor O. Opedal sette upp i slutten av gåvebrevet. Styret hev lagt til grunn at heile teksti er uttrykk for viljen til Halldor O. Opedal, og at teksti soleides er relevante fyresegner. Spursmålet vert um heile etterteksti er tenkt eller høver som ein del av fyresegni (statuttane) åt fondet. Det er i gåvebrevet formulera sume fyresegner – tillegg – som truleg ikkje høyrer heima i § 6 – som lyder:

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad her på Vestlandet. Like eins at Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag møter ved fullmakter som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen. (Dette so lenge desse lagi har sine sæte i hovudstaden). (Sml. § 3.)

Formannen i det eldste av dei fem lagi som er nemnd lenger framme (form. i Vestmannalaget), kallar inn til skipingsmøte.

Fire styrelemmer kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Etter fyresegni som formannen og dei andre vallagi fekk frå forretningsføraren våren 2000, er § 6 soleides, som òg er i samsvar med det som er prenta i 110-årssoga til Vestmannalaget frå 1978:

Um so er at eit lag ikkje ynskjer å ha målsmann i styret for fondet med dei fyresegner som her er sette upp, gjeng rettane åt dette laget over til dei andre lagi. Skulle fleire lag gå ut, vel dei lagi som er att, styret for fondet.

Kjem det upp eit nytt lag som stettar kravi åt dette fondet, kan fondsstyret røysta det inn og gje det fulle rettar. Det nye styret skal stjorna fondet med tanke på heile landet som før, etter dei fastsette fyresegner, berre med det skilet som praktiske grunnar gjer naudsynlege.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Skulle alle lagi verta oppløyste gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Fire styrelemer kan visa burt eit lag for ei tid eller for godt med to likelydande vedtak. Det må gå minst eit år mellom vedtaki.

Denne òg hev vore lagt til grunn av i alle høve Noregs Mållag, Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet. Det skal òg nemnast at uppritet frå skipingsmøtet 22. oktober 1975 inneheld fylgjande formulering vedkomande fyresegni:

1) Fyresegnene.

Forretningsføraren gjorde greide for vedtektene og deira endelege innhald.

Fondsstyret er noko uviss på formuleringi "... og deira endelege innhald.". Fondsstyret veit ikkje um fondsstyret/skiparen i tidi millom 1971 og 1975 hadde inkorporera tillegget frå gåvebrevet dagsett desember 1971 inn i fyresegni, eller um det vart gjort på skipingsmøtet. Etter gåvebrevet er § 6 som nemnd i 110-årssoga, med undantak av siste bolken.

Det var, so vidt fondsstyret veit, Halldor O. Opedal som sette upp denne teksti samstundes som resten av gåvebrevet, so det er ingen tvil um at "tillegget" er skiparen sine tankar. Det er reist framlegg um å fastslå (umskipa) § 6 til å lyda slik som han vart prenta i 110-årssoga til Vestmannalaget, og at ein ser på den fyrste bolken som tilvisingar til Norsk Måldyrkingslag og Noregs Mållag. (Bolk nr. 2 er utaldra sidan skipingsmøtet hev vore, og det ikkje er aktuelt med nytt skipingsmøte.) I den grad ein ynskjer å taka med fyrste bolken i tillegget inn i fyresegni – er det kann henda rettkome å nytta fylgjande tekst:

Det bør vera ein regel for fondsstyret å halda styringsutlogone nede på eit rimelegt nivå. Av dette fylgjer m.a. at styremøti helst vert haldne i Bergen eller ein annan stad på Vestlandet. Like eins at vallagi møter med styresmenn og varamenn som bur i Bergen eller ikkje so langt burte frå byen.

Ein hev her teke burt umgrepet "her" i fyrste punktum, og "Noregs Mållag og Norsk Måldyrkingslag" med vallagi. Detta av di ein like greidt kann gjera regelen ålmenn, og ikkje berre knytt til dei tvo lagi som i 1971 hadde sæte i Oslo. Umgrepet "fullmakter" bør òg bytast ut med "styresmenn" – med di det er menneski som møter på styremøti og ikkje sjølve fullmaktene.

Det kann nemnast at i den fyrre styrebolken budde òg formannen i Oslo, og me kann ikkje hugsa at Vestmannalaget i den tidi fremja klagor andsynes den dåverande formannen. Det undrar vel ikkje mange so lenge dei ymse tiltaki kring Bergen fekk pengar. Då var alt vel og ingen tala um korkje ugildskap og maskepi, eller for den sak skuld styring frå Oslo. Hovudsaki er vel at millom anna Norsk Bokreidingslag L/L no sårt treng mange pengar, og leidingi der ikkje ynskjer for mykje innsyn og heller ikkje ynskjer å fortelja kva dei skal nytta pengane til.

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Det skal òg leggjast til at det var ein som budde i Oslo og som høyrer til i Nord-Noreg som tok det fyrste steget for å få inn i fyresegni at fondet hev sete i Bergen. Formannen skriv i det same høyringsbrevet fylgjande, som burde vera av interessa for Jon Askeland m.fl.:

Sæte

Etter den komande stiftingslogi lyt stiftingi ha eit formelt sæte. Det er soleides framlegg um å nytta Bergen som sæte.

Fyresegni um sæte kann takast inn i § 6, med fylgjande ordlyd:

Fondet har sæte i Bergen. Styret kann, um umstendi gjer det turvande, velja ein annan stad på Vestlandet som sæte.

Den siste setningi er for å sleppa å søkja um umskiping berre av di ein ynskjer ei onnor tilskrift.

3.6) Skulding um at det umstridde fondsstyret kjem med framlegg til nye fyresegner – for å legitimera ny arbeidspraksis og brot på fyresegnene

Jon Askeland skriv:

”Av vedtektene gjeng det til dømes fram at årsmøtet skal haldast i mars månad.”

Det finst diverre ikkje eit organ i Opedalsfondet som heiter ”årsmøtet” og det er ingi fyresegn um at fondsstyret skal ha møte i mars månad. Dette er diverre ei mistolking av fyresegni åt fondet. Vedkomande fyresegni, jfr. § 5:

”Avkastingi av fondet skal kvart år i mars månad etlast ut åt folk som skriv rein og velflidd nynorsk.”

Det er soleides tale um når løyvingane skal etlast ut. Ein kann sjølvstakt diskutera når løyvingane skal etlast ut og kva det vil segja å etla ut.

kverulera um når ein skal rekna tidspunktet for når løyvingi skal reknast for etla ut. Ein skal difor gjeva Jon Askeland rett i at fondsstyret ynskjer og vil legitimera ein ny arbeidspraksis ved å opna for denne nye praksisen ved å umskipa (endra) fyresegni. Eg skal òg vedkjenna meg at det hev vore valda mange brot på nett denne fyresegni. Brot på denne fyresegni skjedde den fyrste gongen under denne styrebolken (styremøte innkalla 8. april 2000, jf. ovanfor), det hev vore mange tilfelle upp gjenom åri sidan fondsstyret vart skipa. Skrivaren vil for vår del leggja til at fondsstyret hev lagt um praksisen mykje etter år 2000. Fondet hev byrja å fylgja rekneskapslogi, sakspapiri vert utarbeidde og sende til styresmennene fyre styremøti. Jamvel i den tidi fondsstyret ikkje hadde denne praksisen, dvs. fyre 2000, var det òg vanskar med få halde styremøte fyre april.

Alternativet til å gjera brigde i fyresegni er å ha eit styremøte i mars, og at ein hev eit anna i mai eller juni. Det vil brjota mykje med fyresegni til fondet um å halda styringsutlogone nede. Av tvo vonde vel me det rimelege. Det vil i dette tilfellet segja å søkja um å få brigda denne fyresegni. Skrivaren vil syna til det formannen uttala i høyringsbrevet vedkomande umskipingi:

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Tidspunktet for utetlingane

Skrivaren synte til det utsende framlegget um brigde i § 5, og kravet um at styremøtet vert halde i mars månad vert stroke. Framlegget vart grunngjeve med fylgjande:

- a) *Rekneskapen treng ikkje etter gjeldande loger vera fastsett fyre 1. juli, og rekneskapane hev ikkje vore ferduge fyrr i april. Ein bør ikkje vera nøydd til å gjera løyvingar fyrr rekneskapen er ferdug.*
- b) *Praksisen hev vore ymsande i fondet med umsyn til styremøtedatoar. I dei siste åri hev styremøte vorte halde seinare enn mars månad ved fleire høve. Fondsstyret hev ynske um å halda styringsutlogone låge, og sidan rekneskapane normalt ikkje er ferduge fyre april/mai, bør fondsstyret ikkje vera nøydd til å halda tvo ulike styremøte.*

Det er ingi moment som, etter fondsstyret si meining, gjer at denna fyresegni vart lagd serleg vekt på av Halldor O. Opedal, då han sette upp gåvebrevet. Ogso detta framlegget kann difor etter styret si meining umskipast i medhald av §§ 32 og 35 andre lekken.

Jon Askeland skriv i klaga:

”Å gjera framlegg um endringar som er i strid med fondsskiparen sine ynskje i tilfelle av oppløysing av fondsstyret, verkar og heilt urimelege.”

Diverre er det so at dei planane og ynskje som Halldor O. Opedal hadde, etter syskendotteri hans, kring 1970 då fondet var under fyrebuing ikkje vart realisera. Halldor O. Opedal ynskte og planla i ein viss grad at heimgarden hans skulde gjerast um til ei diktarstova og ei forskarstova. Som eit godt alternativ kring 1970, då både Opedal sjølv og målrørsla var i full aktivitet, var at um alle oppnemnarlagi fall ifrå, skulde pengane førast yver til Instituttet Haldorsbu, som Opedal kalla diktarstova.

Me veit ikkje grunnen til at utviklingi i åri etter 1970 ikkje vart slik Opedal tenkte seg. Det som er visst er at heimgarden hans er seld ut or ætti. Planane til Opedal frå 1970 vart ikkje realisera og er heller ikkje mogelege å realisera i dag og i framtidi. Det er heller ikkje visst at Opedal då han døydde mange år seinare hadde ynskje um nokor diktarstova på heimgarden sin. Skrivaren vil syna til kva som er nemnt i høyringsutkastet:

Instituttet Halldorsbu

*Formannen synte til ordskifte på styremøtet den 4. august 2001 um umskiping av fyresegni. Han stilte òg spursmål ved kva ”instituttet **Halldorsbu** på Bibelhaug i Ullensvang” var, jfr. § 6 i fyresegni. Ingen i fondsstyret hadde høyrte um detta instituttet, og um det ikkje finst, vil ikkje fyresegni lata seg etterleva, jfr. § 53 fyrste lekken 1). Formannen fekk i oppgåva å røkja etter kva meiningi med fyresegni kunde ha vore. Fondsstyret var samde um at ein skulde søkja um å få umskipa denna fyresegni saman med dei andre brigdi – um det synte seg at instituttet Halldorsbu ikkje eksistera. Styret meinte at den alternative løysingi ikkje var det mest turvande å arbeida vidare med, sidan alle vallag eksistera og ein ikkje såg nokor snarleg løysing på målstriden. Formannen og skrivaren fekk difor fullmakt til å greida ut saki og å koma med ei alternativ tekst i § 6, i samsvar med dryftingane på styremøtet. Ei niesa*

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

av H. O. Opedal som bur på Opedal, fortalde til formannen at Halldorsbu var ein framstøyt som Halldor O. Opedal hadde for å oppretta ein samlingsstad på heimgarden sin for diktarar og diktarspirar. Denna framstøyten mislukkast, og det vart ikkje noko av instituttet. Denna fyresegni lét seg soleides ikkje etterleva.

Det lyt difor vurderast å taka burt fyresegni:

Skulle alle lagi verta oppløyste, gjeng fondsmidlane inn i fondet til instituttet Halldorsbu på Bibelhaug i Ullensvang. Um dette skulle henda, fell fyresegnene for dette fondet burt.

Styret hev som nemnt fyrr ikkje dryft alternativ fyresegn. Vallagi vert soleides oppmoda um å koma med framlegg til ny fyresegn.

Det lyt vera noko urimeleg å lasta formannen og fondsstyret for at ikkje utviklingi vart slik ho vart i høve til dei lause tankane som Halldor O. Opedal hadde kring 1970.

3.7) Skulding um at styret i fondet verkar til å så splid millom målfolk

Jon Askeland skriv i klaga:

”Dei som hev styrt med fondet dei siste par åri, hev ikkje synt vilje til samarbeid, korkje i Opedalsfondet eller i andre umbod i målrørsla.”

Dei som hev sete i fondsstyret dei siste åri, hev ulik bakgrunn, ulike meiningar, kjem frå ulike delar av landet og målber ulike målpolitiske synstader.

Ein møter frå Noregs Mållag, ein frå Ivar Aasen-sambandet, ein frå Vestlandske Mållag, ein frå Norsk Måldyrkingslag og til slutt ein frå Vestmannalaget. Alle desse personane er so langt skrivaren kann skyna ut ifrå at me berre er samla ein gong i året, at dei på ein framifrå måte hev målbore sine synspunkt og ”sine” målpolitiske retningar.

Fondsstyret meiner at Jon Askeland og den fraksjonen han høyrer til i Vestmannalaget, bør sjå på si eigi rolla, fyrr dei kritiserar andre. Skrivaren vil, etter minne, syna litt til korleides det kann verta strid. Eg tok yver som skrivar den 8. april 2000. Det fyrre styret hadde same dag millombils fastsett rekneskapen for 1999. Sume dagar seinare tala formannen med Fylkesmannen, då kom det fram at rekneskapane for åri 1997, 1998 ikkje var sende inn til Fylkesmannen, slik dei skulde etter stiftingslovi. Dette trass i fleire purringar, og utan at fondsstyret fekk informasjon um purringane. Etter å ha set på rekneskapen fann skrivaren og formannen grunn til å tvila på tali, og kontakta forretningføraren. Han var sers lite viljug til å svara oss på spursmål um rekneskapen og økonomistyringi.

Det vart kalla inn til styremøte. Der tok formannen millom anna upp eit lån, på kr 150 000,00, som Opedalsfondet hadde gjeve til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midthordland. Der var forretningføraren vår rekneskapsførar, og heller ikkje denne stiftingi hadde send inn rekneskapar til Fylkesmannen. Det siste var rekneskapen for 1994, og den synte eit underskot på fleire hundrad tusund, og eigenmidelen var mest burte. Under styremøtet den 6. mai 2000 spurde formannen då i eit og same innlegget, der han la fram saki:

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

”... finst det gjeldsbrev på dette lånet,... eg vil òg vita når det eventuelt skulde ha vore innkravt, og kann eg få sjå gjeldsbrevet òg/eller annan dokumentasjon.”

Medan formannen heldt innlegget og fyrr ordet vart gjeve til neste mann som hadde teikna seg, fekk han minst seks gonger varsel um at det kunde verta reist ærekrenkjingssak mot formannen frå tri av dei som var til stadar. Innlegget heldt han rett etter at ein og same personen både hadde sagt at han ikkje var med på vedtaket i 1994 og at det var ei stor æra for han å ha vore med på vedtaket.

Ingen av dei styresmennene som hadde vore med på vedtaket i 1994 eller forretningsføraren vilde svara på spursmåli frå formannen og rekneskapen vart ikkje utlevera til skrivaren eller formannen. Strid var det, men me trur ikkje at me hadde skuld i den striden.

SAMANDRAG

Alle styresmennene som er valde på rettkome vis er kalla inn til fondsstyremøte. Det hev ikkje vore nokor selektiv innkalling. Norske Måldyrkingslaget hev sjølv skuld i at det ikkje kunde møte nokon oppnemnd frå dei i 2001, av di Norsk Måldyrkingslag ikkje sende stadfesting av valet på styresmannen fyrr 6. mars 2002.

Det hev ikkje skjett nokor vanvyrding av rettkomne vedtak i vallagi. Fondsstyret hev ikkje godkjend oppnemningar av personar som er yver 75 år, i samsvar med fyresegni. Vestmannalaget fekk våren 2002 melding frå Fylkesmannen um at han ikkje tok stoda til oppnemningsspursmålet, og synte til at saki evt. laut takast for retten.

Fyresegni hev ingi fyresegn um administrasjonsstad. Fondsstyret held møti sine i Bergen og hev posttilskrift i Bergen.

Fondsstyret hev ikkje med vilje gjenge inn for å splitta målfolk med rådgjerdene sine. Millom dei som hev søkt um pengar frå fondet er det elles berre Norsk Bokreidingslag som hev hevda dette

Formann Askeland i Vestmannalaget meiner at Fylkesmannen ”skal avsetja dei som hev møtt i det noverande fondsstyret og syta for at Halldor O. Opedals fond fær eit styre som utfører oppgåvone i samsvar med vedtektene for fondet og dei alminnelege regler i Lov om stiftelser.”

Formann Askeland som meiner at det er praksis for å ikkje fylgja fyresegnene og som hev til hovudinnvending mot fondsstyret at me hev fylgt fyresegnene, slik som dei er skrivne, med å krevja at oppnemnarlagi vel styresmenn som stettar fyresegnene, vil no at det skal koma eit nytt styre som fylgjer fyresegnene. Me ser på dette som heilt ulogisk. Når fondsstyret fylgjer fyresegnene og vert lasta for det, må den logiske slutningi til formann Askeland vera at han og styret i Vestmannalaget vil ha eit fondsstyre som bryt fyresegnene, ikkje eit som fylgjer dei.

Det Askeland elles sit att med er at skrivaren og formannen bur på Austlandet, men det kann ikkje vera nokor ulempa når styringsutlogone vert mindre av det enn av at fondsstyret hadde halde fast ved den gamle rekneskapsstyraren som skulde ha eit stort honorar for arbeidet i

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

fondet. Det er elles ikkje snakk um nokon regel, men noko som etter Opedal bør vera ein regel. Tidi er ei onnor enn då dette vart skrive. Det er enklare å reisa frå ein stad til ein annan.

Me vert skulda for å ikkje ha fonddstyremøte i mars månad. Me kann ikkje sjå at det hev skadd fondet at dette lovpåbodet ikkje vorte handhevja. Når årsmøti hev vorte seine hev det m.a. hange saman med tilhøve som me ikkje hev kunna råda med millom anna at eit Norsk Måldyrkingslag skulde få høve til å nemna upp ny lovleg styresmann.

KONKLUSJON

Kritikken og klagemåli frå Jon Askeland er bygde på manglande og range fakta og mistolking og manglande logisk tenkjing kring både stiftingslogi og fyresegni til fondet.

Det er difor inkje grunnlag for korkje kritikk eller granskning av det fondsstyret som sit no. I den grad noko skal granskast bør det vera gildskapen ved fleire av løyvingane til Norsk Bokreidingslag som vart gjorde i tidi fram til 2000 og lånet til Stiftinga Regionsoga Nord- og Midthordland frå 1994

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

- skrivar -

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Kjelder og vedlegg som det vert synte til i kap. 1

- 1 Fyresegnene til fondet frå Vestmannalaget i 110 år
- 2 Brev frå Opedal ved upptaket til fondet i 1971
- 3 Brev til dåverande fondsformann Ludvig Jerdal av 20.10 1975
- 4 Brev til dåverande fondsformann Ludvig Jerdal av 26.12. 1979
- 5 Brev til styret av 1.11. 1984
- 6 Me syner elles til innkomne brev frå Norsk Bokreidingslag og Vestmannalaget i same fylgd frå 12. og 14. desember 2002
- 7 Arbeidsprogram for Vestmannalaget privat arkiv

Kjelder og vedlegg til kap. 2

Ingen spesielle. Me vil syna til det ålmenne ordskiftet og oppslag i Bergens Tidende og andre avisor kring dei umhandla sakene.

Kjelder og vedlegg til kap. 3

- 1 Årsmeldingane og rekneskapane til fondet som ligg hjå Fylkesmannen
- 2 Høyringsutkast til nye fyresegner til fondet som ligg hjå Fylkesmannen
- 3 Formannsarkivet til Vestmannalaget frå mars 1999 til mai 2001, private kopiar

Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking

Avprent er sende til:

Dag Hagen Berg	Grensa 8	0159	OSLO
Mona Stormark	Kringsjøvegen 17	5163	LAKSEVÅG
Arne Skjerven	Ytre Hakestad	5730	ULVIK
Bjørn Tormod Ringdal	Løvåsbakken 21	5148	FYLLINGSDALEN
Ivar Aasen-sambandet	Postboks 49 - Blindern	0313	OSLO
Vestmannalaget v/ J. Askeland	Krohnengsgate 3	5035	BERGEN
Norsk Måldyrkingslag v/ A. Gjeraker	Postboks 6	6851	SOGNDAL
Noregs Mållag	Postboks 474 - Sentrum	0105	OSLO
Vestlandske Mållag v/ L. B. Marøy	Glåmlidvegen 17	2213	KONGSVINGER
Norsk Bokreidingslag L/L v/ Lehmann	Nordåsvegen 183	5235	RÅDAL
Sissel-Anny Hjelmtveit	Totland	5912	SEIM
Halldor Slettebø	Blindernvegen 48	0371	OSLO
Håvard Tangen	Kvartsvegen 5	1158	OSLO
Magnus Robberstad	Bjørnemyrterrasse 12	1453	BJØRNEMYR
Torolv Hesthamar	Vines	5778	UTNE
Hans Sørbo	Møllefaret 62 B	0750	OSLO
Johan Forsmo	Ostadalsvegen 79	0752	OSLO
Johan A. Schulze	Ullevålsalleen 4 C	0852	OSLO
Jostein Stokkeland	Nordlandsvegen 8	3531	KROKKLEIVA
Leidulv Hundvin	Lillehatten 242	5148	FYLLINGSDALEN
Hallvard Bergwitz	Treskevegen 81	0681	OSLO